



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/276-5

Sakshandsamar: Arvid Moen

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Helse og sosialutval

Orienteringssak – Oppgradering av aldersbustad 6 på Dalen

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 10-1210 PLANTEGNING Tokke Kommune - Kjøkken universell omsorg

Tokke kommune er i gang med oppgradering av aldersbustad 6 på Dalen. Bustaden blir oppgradert til dagens standard og gjort universelt utforma, i tråd med gjeldande krav og målsetjingar for tilgjenge og tilrettelegging.

Det er søkt Husbanken om investeringstilskot til prosjektet. Husbanken har gitt ei førebels innstilling om tilsagn på kr 660 000,-. Endeleg søknad er no sendt inn. Det er ikkje budsjettert med tilskot i dette prosjektet, og midlane vil difor kome som ei innsparing på finansieringa dersom dei blir innvilga.

Som del av prosessen med tilskot frå Husbanken krevst det at det blir orientert politisk om prosjektet og søknaden. Saka vert difor lagt fram til orientering for HSU.

Kommunedirektørens tilråding

Saka vert teke til orientering.

